

# Strekningsvise utgreiingar

Kunnskapsgrunnlag for RTP 2022-2033

April 2022

# Innhald

<b>Samandrag .....</b>	<b>4</b>
<b>1. Innleiing .....</b>	<b>5</b>
1.2 Organisering.....	5
1.3 Føringar for arbeidet.....	6
1.4 Kartforteljing .....	7
<b>2 Mål og utviklingsstrategiar .....</b>	<b>7</b>
2.1 Mål .....	7
2.2 Strategiar.....	8
<b>3 Funksjonsinndeling .....</b>	<b>9</b>
<b>4 Val av fylkesvegar .....</b>	<b>11</b>
4.1 Kriteria for val av fylkesvegar.....	11
4.2 Valte fylkesvegar .....	11
<b>5 Informasjon i kart .....</b>	<b>12</b>
<b>6 Utviklingsstrategi .....</b>	<b>14</b>
6.1 Fv. 48 Gjermundshamn-Tysse .....	15
6.2 Fv. 49 Odda-Jondal-Trengereid .....	15
6.3 Fv. 55 Skjolden-Sogndal og Dragsvik-Vadheim .....	16
6.4 Fv. 57 Knarvik-Storehaug .....	17
6.5 Fv. 79 Granvin-Norheimsund .....	18
6.6 Fv. 500 Austrepollen-Ranavik .....	19
6.7 Fv. 609 Dale-Askvoll-Førde.....	20

6.8	Fv. 615 Storebru-Sandane.....	20
6.9	Kystvegen.....	21
<b>7</b>	<b>Forslag til vidare arbeid .....</b>	<b>21</b>

# Samandrag

Regional transportplan 2022-2033 (RTP) er det øvste plandokumentet for den langsiktige utviklinga av transportsektoren i Vestland. Kunnskapsgrunnlaget «Strekningsvise utgreiingar» er forankra som eit utviklingstiltak i RTP, og viser forslag til strategi fylkeskommunen kan legge til grunn ved utvikling av åtte regionale fylkesvegar.

I denne versjonen av strekningsvise utgreiingar er det gjort eit utval av åtte regionalt viktige fylkesvegar. I tillegg inngår trase for ein ev. framtidig kystveg. Utval av strekningar er gjort på bakgrunn av ulike kriteria, som t.d. at det fantes tidlegare strekningsvise utgreiingar som vi kunne legge til grunn i dette arbeidet.

Presentasjonen av strekningane vert gjort i ei kartforteljing som består av ein tekstleg omtale av kvar strekning og ei kartvisning av strekninga. Fleire ulike tema knytt til vegen vert presentert i tekst og kart.

Denne rapporten gir ei nærmare omtale av arbeidet med strekningsvise utgreiingar og kartforteljinga. Det vert også gitt ei vurderinga av korleis konseptet med kartforteljing kan utviklast vidare.

# 1. Innleiing

Regional transportplan 2022-2033 (RTP) er det øvste plandokumentet for den langsiktige utviklinga av transportsektoren i Vestland. I planprogrammet for regional transportplan 2022-2033 går det fram aktuelle utgreiingsbehov for ulike plantema. For plantema «Fylkesvegnettet» er det mellom anna formulert eit utgreiingsbehov for korridorvise utgreiinger:

Korridorvise utgreiinger er eit samla oversyn over utfordringar på deler av fylkesvegnettet. Det vart laga Korridorvise utgreiinger som grunnlag for prioriteringane i førre RTP for Hordaland fylke. Utgreiinga skal etablere eit oppdatert og kartbasert oversyn over utfordringane på det viktigaste fylkesvegnettet i Vestland.

I det vidare arbeidet er det valt å endre tittel på utgreiinga til «strekningsvise utgreiinger», sidan det er valt å dele inn utgreiinga etter fylkesvegnummer, og ikkje etter korridorar som kan innehalde fleire ulike vegnummer.

Denne første versjonen av strekningsvise utgreiinger er å sjå på som eit «pilot-prosjekt» for å finne ei mogleg løysing å presentere fylkesvegnettet på. Løysinga kan vidareutviklast om ein ser dette som tenleg.

## 1.2 Organisering

Strekningsvise utgreiinger er gjennomført ved avdeling infrastruktur og veg. Utgreiingseininga har hatt hovudansvaret for gjennomføringa, men fleire einingar har delteke i arbeidet. Det er gjennomført innspelsmøte med representantar frå forvaltingseiningane, seksjon for planlegging og utbygging og seksjon for drift, vedlikehald og beredskap.

Prosjektgruppe		
Carl Erik Nielsen	INV	<b>FUG - Utgreiing - prosjekteigar</b>
Bente Øyre	INV	FUG - Utgreiing
Tone Høyland Stople	INV	FUG - Utgreiing
Matti Torgersen	INV	FUG - Utgreiing
Knut Helge Olsen	INV	FUG - Utgreiing
Erlend Iversen	INV	FUG - Utgreiing
Jo Tore Kristoffersen	INV	FUG - Geodata

## 1.3 Føringar for arbeidet

Utviklingsplanen for Vestland er ei regional planstrategi for Vestland, og er heimla i Plan- og bygningslova §7-1. Den skal leggast til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket. I utviklingsplanen er det definert fire hovudmål:

### **Utviklingsplan for Vestland**

**Mål 1:** Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

**Mål 2:** Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

**Mål 3:** Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

**Mål 4:** Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Regional transportplan Vestland 2022-2033 er forankra i utviklingsplanen, og er ein strategisk plan for samferdselssektoren i Vestland. Planen skal bidra til å sikre heilskapleg og berekraftig utvikling og legg politiske føringar. I RTP er det sett både hovudmål for transportsystema i Vestland og delmål som gjeld fylkesvegnettet spesielt.

### **Regional transportplan 2022-2033**

#### **Hovudmål**

Vestland skal ha eit trygt, effektivt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling

#### **Fylkesvegnettet - Delmål**

- Veksten i forfallet på fylkesvegnettet skal stoppast
- Fylkesvegnettet skal vere opent og trygt å ferdast på
- Fylkesvegnettet skal vere sikra og tilpassa framtidige klimaendringar

Utviklingsplan for Vestland legg vekt på å sikre innbyggjarane tilgang til arbeid, tenester og fritidsaktivitetar, og at Vestland skal vi ha infrastruktur som gjer det mogeleg å tilby trygg og miljøvenleg mobilitet for alle. For fylkesvegnettet inneber desse føringane at infrastrukturen må legge til rette for god mobilitet, og at næringslivet sine behov må vere ein del av planlegginga. Vi må klimatilpasse infrastrukturen, og legge til rette for trygge vegar for barn og unge.

Det faglege grunnlaget «Meir veg for pengane» peiker på at det er behov for å sjå lengre strekningar i ein samanheng, og utbygging av nye vegprosjekt i kombinasjon med utbetring av

eksisterande vegnett. Ved ei samla vurdering av vegstrekninga, kan ein få utført fleire ulike tiltak på same tid. Dette kan redusere behovet for planlegging, gjere det mogleg å samle tiltak i større entreprisar og få ei meir effektiv gjennomføring. Arbeidet med strekningsvise utgreiingar har teke utgangspunkt i dette.

Kartlegging av vedlikehaldsetterslep langs fylkesvegnettet og drift- og vedlikehaldsstrategi er under arbeid. Resultat frå dette arbeidet kan innarbeidast etter kvart som det er klart.

## 1.4 Kartforteljing

Ut frå føringane som er satt for arbeidet, er det valt å lage ei digital løysing, kartforteljing, med ein kombinasjon av ein tekstleg omtale av fylkesvegane og ei kartvisning med ulike temalag. Informasjonen i kartet er m.a. henta frå Nasjonal vegdatabank (NVDB), fylkesatlas.no og kunnskapsgrunnlag som er utarbeidd i samband med Regional transportplan 2022-2033. I den tekstlege delen er det m.a. henta informasjon frå tidlegare utgreiingar, utgreiingar i samband med RTP 2022-2033, veglister, trafikktal, vurderingar knytt til trafikkulykker og trafikktryggleik, og elles kunnskap om vegnettet og dei særskilte strekningane.

Link til kartforteljing: [Strekningsvise utgreiingar](#).

# 2 Mål og utviklingsstrategiar

Det er satt nokre generelle overordna mål for dei valte strekningane. I tillegg er det definert strategiar for utvikling av fylkesvegane for å nå måla. Utviklingsstrategien er delt inn i utviklingsstrategi for perioden 2022-2033 (RTP-perioden) og utviklingsstrategi på lang sikt (etter 2033). Det er store behov for utvikling av fylkesvegnettet. Samtidig har fylkeskommunen avgrensa med midlar til dette. Ambisjonsnivået må difor settast ut frå kva som kan vere realistisk å finansiere.

## 2.1 Mål

Det er satt følgjande overordna mål for dei valte fylkesvegane:

- Vegen skal gjennom god framkomst og auka trafikktryggleik tene næringsliv og busettad ved å knyte bu- og arbeidsområde tettare saman
- Ulykkesfrekvensen skal reduserast med særleg fokus på utforkøringsulykker og møteulykker
- Gåande og syklande skal sikrast tilbod i tråd med fylkeskommunen sin strategi for mjuke trafikantar
- Forfallet på vegen skal stoppast
- Vegane bør utviklast til bruksklasse 10/60 og med tillaten vogntoglengde 25,25 m

Meir spesifikke mål for kvar enkelt strekning er gitt i strekningsomtalen i kartforteljinga.

## 2.2 Strategiar

Det er valt å dele inn vegstrekningane i følgjande utviklingsstrategiar:

- **Ferdig utbygd veg**  
Nye vegar eller nyleg opprusta/utbetra veg som ikkje har behov for større vedlikehalds- eller utbetringsstiltak.
- **Fornying**  
Delstrekningar som treng omfattande tiltak over lengre strekningar for å nå ønska mål om framkomst og trafikktryggleik.
  - Auke standard på strekninga (auka breidde/betre kurvatur)
  - Strekningar som treng tunnel eller andre tyngre rassikringstiltak
  - Strekningar som treng omfattande fornying av vegkropp
  - Tilbod til mjuke trafikantar der det er tenleg
  - Nokre stader trengs veg i ny trase, eksempelvis tunnel eller bru
- **Fornyingstiltak**  
Fornyingstiltak bør prioriterast slik at det blir samanheng mellom fornya strekning og strekningar som allereie har gul midtlinje. Dette vil over tid gi lengre strekningar med god standard og færre standardsprang.
- **Utbetringsstiltak**  
Delstrekningar der det ikkje er økonomisk realistisk å nå samanhengande god standard, men der ein gjennom tiltak på korte strekningar kan få til vesentleg betring i framkomst og trafikktrygging.

Punkttiltak som kurveutretting, siktutbetring, møteplassar, dreneringstiltak, rekkverk/tiltak i sideterregn, mindre tunneltiltak for å utbetre skredpunkt;bratt stigning/vanskeleg kurvatur.

Omfattar og strekningar som treng samanhengande tilbod til mjuke trafikantar.

Utbetringsstiltak bør ta høgde for at det er ønskeleg med ein framtidig gjennomgåande god standard på strekninga, og tiltaka bør difor sjåast i samanheng med eventuell seinare oppgradering av strekninga.
- **Vedlikehald**  
Delstrekningar som har grei standard i forhold til trafikkmengd. Det kan vere aktuelt med punkttiltak/mindre utbetringsstiltak for ulike tema som til dømes trafikktrygging, rekkverk, kollektiv, betre tilbod til mjuke trafikantar, forsterkingstiltak, utbetring av murar og bruer.

Ei nærmare omtale av utviklingsstrategi for dei valte fylkesvegane er gitt i kapittel 6.

# 3 Funksjonsinndeling

Vegnettet er delt inn i funksjonsklassane A-E ut frå kva funksjonen vegen er definert å ha. Inndeling av vegnett i funksjonsklassar er vist i tabell 3-1.

Tabell 3-1: Funksjonsinndeling av vegnettet.

Klasse	Namn	Skildring av funksjon
A	Nasjonale hovudvegar	Nasjonale hovudvegar
B	Regionale hovudvegar	Saman med riksvegane utgjer desse eit overordna transportnett.
C	Lokale hovudvegar	Vegar med viktig lokal, men også ein viss regional, funksjon der hovudfunksjonen er viktige sambandsvegar mellom funksjonsklasse A og B og samband til kommunesenter.
D	Lokale samlevegar	Vegar som bind saman bygder og grender eller gir hovudtilkomst til bygd eller grend. Desse vegane har også ein samlefunksjon for trafikk til eller fra vegar i funksjonsklasse B og C.
E	Lokale tilkomstvegar	Vegar som kan vere samlevegar, men som mest er dominert av tilkomst til bustader og verksemder langs desse vegane.

Europa- og riksvegar kjem inn under funksjonsklasse A, medan fylkesvegane i Vestland kjem inn under funksjonsklassane B-E. I Vestland fylke er det om lag 5550 km med fylkesveg. Funksjonsinndeling av vegnettet er registrert i Nasjonal vegdatabank (NVDB). Fylkesvegnettet i Vestland si inndeling i funksjonsklassar er vist i Figur 3-1.



Figur 3-1: Oversiktskartet viser funksjonsinndeling av fylkesvegnettet i Vestland (fylkesatlas.no).

# 4 Val av fylkesvegar

## 4.1 Kriteria for val av fylkesvegar

I denne utgreiinga er det gjort eit utval av fylkesvegar. Det vart definert nokre kriteria ved val av strekningar:


- Fylkesveg med funksjonsklasse B
- Lengre fylkesveg med regional betydning
- Fylkesveg med ein del utfordringar knytt til vegstandard
- Fylkesveg der det allereie finnест strekningsvis utgreiing frå tidlegare RTP-arbeid i Hordaland og Sogn og Fjordane

## 4.2 Valte fylkesvegar

Ut frå gitte kriteria er desse åtte fylkesvegane valt å inngå i denne første versjonen av strekningsvise utgreiingar:

- Fv. 48 Gjermundshamn-Tysse
- Fv. 49 Odda-Jondal-Trengereid
- Fv. 55 Skjolden-Sogndal og Dragsvik-Vadheim
- Fv. 57 Knarvik-Storehaug
- Fv. 79 Granvin-Norheimsund
- Fv. 500 Austrepollen-Ranavik
- Fv. 609 Førde-Askvoll-Dale
- Fv. 615 Storebru-Sandane

Desse strekningane utgjer om lag 13% av fylkesvegnettet i Vestland. I tillegg til desse 8 strekningane, er trase for ein framtid kystveg teken med i utgreiinga. Dette på bakgrunn av arbeidet som vart gjort av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2017. Strekningane er vist i Figur 4-1.



Figur 4-1: Oversikt over strekningar som er med i utgreiinga.


## 5 Informasjon i kart

I kartdelen er det gjort tilgjengeleg informasjon om ulike tema om strekningane. Informasjonen ligg tilgjengeleg som kartlag i kartet. Kartlaga kan enkelt veljast frå laglista og slåast på og av. Det er mogleg å ha fleire lag opp samtidig. Oversikt over tema i laglista er vist i Tabell 5-1.

Tabell 5-1: Oversikt over tema i kart.

Tema	Underinndeling	Kommentar
<b>Utviklingsstrategi 2022-2033</b>		Forslag til utviklingsstrategi i RTP-perioden
<b>Utviklingsstrategi lang sikt</b>		Forslag til utviklingsstrategi etter 2033
<b>Fylkesvegprosjekt</b>	Våre fylkesvegprosjekt – byggefase Våre fylkesvegprosjekt - planfase	Viser pågående prosjekt langs strekninga.
<b>Bruer med skade</b>	Bruer med bereevneskade 9-16B Bruer med vedlikehaldsskade 9-16V Bruer med trafikktryggleiksskade 9-16T	Tilstanden som vert vist i kartet er den tilstanden som var registrert i kunnskapsgrunnlaget til RTP, og er frå 2021.
<b>Trafikkulykker frå 2010 til 2019</b>		Viser registrerte personskadeulykker i perioden 2010-2019 og ulykketype.
<b>Ferjekai</b>		Viser fylkeskommunale ferjekaiar knytt til vegstrekninga.
<b>Tunnel ikkje oppgradert til tunneltryggleiks-forskrifta (TSF)</b>		Viser tunnelar som må oppgraderast jf. krav i TSF.
<b>Skredpunkt</b>		Viser registrerte skred med skredfarekategori høg, middels og låg. Viser og forslag til skredsikring i perioden 2022-2033, henta frå kunnskapsgrunnlag til RTP.
<b>Gul midtlinje</b>		Viser strekningar med registrert gul midtlinje. Strekningar utan gul midtlinje er for smal til slik oppmerking.
<b>Høydebegrensning 4,2 m og under</b>		Viser tunneler og andre høgdehinder over vegbana. Høgdehinder over 4,2 m vert ikkje vist.
<b>Rasteplass punkt</b>		Viser plassering av rasteplassar langs strekninga.
<b>Trafikkmengde for 2019</b>		Viser trafikkmengde, ÅDT, og andel lange køyretøy. Trafikkmengda i 2020 var jamnt over lågare i 2020 enn i 2019, mest truleg på grunn av pandemien. Difor er det valt å nytte 2019-tal.
<b>Fartsgrense</b>		Viser oversikt over utstrekning av fartsgrenser langs strekninga.
<b>Fortau</b>		Viser kor det er registrert fortau.
<b>Gang- og sykkelveg</b>		Viser kor det er registrert gang- og sykkelveg langs fylkesveg.
<b>Utviklingsstrategi 2022-2033</b>		Viser forslag til utviklingsstrategi for fylkesvegen.
<b>Langsiktig behov</b>		Viser forslag til utviklingsstrategi etter 2033.
<b>Strekningar</b>		Viser den aktive fylkesvegen.

Ved å klikke på aktive tema i kartet, kan ein for enkelte tema få opp ein tekstboks med meir informasjon. Eksempel på kartvisning er vist i figur 5-1.



Figur 5-1: Kartutsnittet viser fv. 49 Odda-Trengereid med kartlag trafikkulykker for perioden 2010-2019. Ved å klikke på punkt i kartet, kjem det opp ein boks med meir informasjon.

## 6 Utviklingsstrategi

Forslag til utviklingsstrategi (sjå kapittel 2.2) for dei valte fylkesvegane er vist i kartforteljinga, både som tabell i den tekstlege omtalen og som temalag i kartet. Delstrekningane i kartet er fargesatt tilsvarende som fargane i strategitabellen. Strategitabellane er gjengjeve nedanfor.

Forslag til strategiar er basert på faglege vurderingar. Oversikten over aktuelle tiltak vil bli oppdatert etter at investeringsprogrammet er vedteke i fylkestinget i juni 2022. Gjennomføring av tiltak må vurderast i dei årlege budsjett- og økonomiplanane. I investeringsprogrammet for fylkesvegnettet er det framlegg om å etablere ei eiga tilskotsordning basert på strekningsvise utgreiingar.

## 6.1 Fv. 48 Gjermundshamn-Tysse

Delstrekning	2022-2033	Langsiktig behov	Kommentar
Gjermundshamn - Mundheim	VEDLIKEHALD	UTBETRINGSTILTAK	Tiltak for å trygge skuleveg. Skredsikring.
Mundheim - Holdhus	UTBETRINGSTILTAK	UTBETRINGSTILTAK	Behov for forprosjekt for å vurdera utbetringstiltak
Holdhus - Eikelandsosen	VEDLIKEHALD	VEDLIKEHALD	
Eikelandsosen - Gaupholm	VEDLIKEHALD	VEDLIKEHALD	Tiltak på bru
Gaupholm - Tysse	FERDIG UTBYGD	VEDLIKEHALD	

## 6.2 Fv. 49 Odda-Jondal-Trengereid

Delstrekning	2022-2033	Langsiktig behov	Kommentar
Odda - Eitrheim	UTBETRINGSTILTAK	VEDLIKEHALD	Betre tilhøve for mjuke trafikantar. Fortau ved Egne Hjem
Eitrheim - Austrepollen	VEDLIKEHALD	VEDLIKEHALD	Folgefonna tunnelen treng utbetring etter Tunnelsikkerhetsforskriften
Austrepollen - Nordrepollen	FORNYING	FERDIG UTBYGD	Tunnel som rassikringstiltak
Nordrepollen - Torsnes	FERDIG UTBYGD	VEDLIKEHALD	
Torsnes - Jondal	VEDLIKEHALD	UTBETRINGSTILTAK	Punkttiltak for betre framkomme. Tilbod til mjuke trafikantar frå Sætreithagen til Jondal.
Tørvikbygd - Aksnes	VEDLIKEHALD	UTBETRINGSTILTAK	GS-veg frå Heradstveitvegen til Aksnes
Aksnes - Norheimsund	FERDIG UTBYGD	VEDLIKEHALD	
Norheimsund - Lid	VEDLIKEHALD	VEDLIKEHALD	
Lid - Eikedalen (Tokagejelet)	FORNYING	FERDIG UTBYGD	Tunnel som rassikringstiltak
Eikedalen – Frøland	VEDLIKEHALD	UTBETRINGSTILTAK	Skredsikringstiltak, breiddeutviding, kurveutretting
Frøland – Haga	FERDIG UTBYGD	VEDLIKEHALD	
Haga - Gullbotn	VEDLIKEHALD	UTBETRINGSTILTAK	Tiltak for mjuke trafikantar, haldeplassar, bruer, kryssutforming
Gullbotn - Trengereid	FORNYING	FERDIG UTBYGD	Del av E16-utbygginga. Breiddeutviding, GS-veg.

## 6.3 Fv. 55 Skjolden-Sogndal og Dragsvik-Vadheim

Delstrekninger	2022 - 2033	Langsiktig behov	Kommentar
Skjolden-Gullringtunnelen	VEDLIKEHALD	FORNYING	Krevjande terreng. Ved fornying kan det vere aktuelt med tunnel på delstrekning.
Gullringtunnelen	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Gullringtunnelen-Nes	FORNYING <sup>1</sup>	FORNYING	<sup>1</sup> Oppstart av reguleringsplan for Høyheimsvik-Nes
Nes-Sogndal	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Dragsvik-Balestrand	FORNYING <sup>2</sup>	UTBETRINGSTILTAK <sup>3</sup>	<sup>2</sup> Fornyng ved skredsikring med bru over Esefjorden <sup>3</sup> Ev. utbetringstiltak Dragsvik-ny bru og ny bru-Balestrand
Balestrand-Flesjane	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Flesjane-Nessane	UTBETRINGSTILTAK	UTBETRINGSTILTAK	Utbetring av eksisterande veg med noko kurveutretting.
Nessane-Tronvik	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Tronvik-Ulvåna	FORNYING <sup>4</sup>	FERDIG UΤBYGD	<sup>4</sup> Oppstart av reguleringsplan for Tronvik-Ulvåna
Ulvåna-Vadheim x E39	VEDLIKEHALD	VEDLIKEHALD	

## 6.4 Fv. 57 Knarvik-Storehaug

Delstrekningar	2022 - 2033	Langsiktig behov	Kommentar
Knarvik-Leirvåg	UTBETRINGSTILTAK	UTBETRINGSTILTAK	Behov for utbetring av fleire kryss på strekninga. Behov for tiltak for mjuke trafikantar.
Sløvåg-Nautsund	UTBETRINGSTILTAK	UTBETRINGSTILTAK	Behov for forprosjekt for å vurdere utbetringstiltak. Delar av strekninga har gul midtlinje og er ferdig utbygd.
Nautsund-Rennestraum	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Rennestraum-Dale	VEDLIKEHALD	UTBETRINGSTILTAK	Behov for GS-tiltak Dingemoen-Dale. Behov for forprosjekt for å vurdere utbetringstiltak.
Dale-Setenes	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Setenes-Nistadlia	FORNYING <sup>1</sup>	FORNYING <sup>2</sup>	<sup>1</sup> Holmeli-Nistadlia er prioritert først i perioden. <sup>2</sup> Behov for fornying på resterande parti mellom Setenes og Holmeli.
Nistadlia-Båtevik	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Båtevik-StorehaugxE39	FORNYING	FERDIG UΤBYGD	KDP under arbeid. Oppstart av reguleringsplan når KDP er vedteken.

## 6.5 Fv. 79 Granvin-Norheimsund

Delstrekninger	2022 - 2033	Langsiktig behov	Kommentar
Kjerlandskrysset – Granvin	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Granvin - Haukanes	VEDLIKEHALD	FORNYING	Rassikring og breiddeutviding
Haukanes - Folkedal	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Folkedal – Kvanndal vest	VEDLIKEHALD	FORNYING	Rassikring og breiddeutviding
Kvanndal vest - Lussand	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Lussand - Skjeret	UTBETRINGSTILTAK	UTBETRINGSTILTAK	Rassikring og breiddeutviding
Skjeret – Ytre Ålvik vest	UTBETRINGSTILTAK	UTBETRINGSTILTAK	G/S-tiltak
Ålvik – Steinstø	UTBETRINGSTILTAK	UTBETRINGSTILTAK	Rassikring
Steinstø - Øystese	VEDLIKEHALD <sup>1</sup>	FORNYING	<sup>1</sup> Forstudie for ny Fyksesund bru startar 2022 - 2025
Øystese - Norheimsund	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	

## 6.6 Fv. 500 Austrepollen-Ranavik

delstrekninger	2022 - 2033	Langsiktig behov	Kommentar
Austrepollen - Årsnes	UTBETRINGSTILTAK <sup>1</sup>	UTBETRINGSTILTAK	Breiddeutviding og skredsikring <sup>1</sup> tunnel Kroka - Sunndal
Årsnes – Neslia	VEDLIKEHALD	UTBETRINGSTILTAK	Fortau eller G/S-veg
Neslia – Rosendal- Seimsfoss	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Seimsfoss - Dimmelsvik	UTBETRINGSTILTAK	FERDIG UΤBYGD	Fortau eller G/S-veg
Dimmelsvik - Uskedalen	VEDLIKEHALD	UTBETRINGSTILTAK	Samanhengande G/S veg på lang sikt
Uskedalen - Herøysund	UTBETRINGSTILTAK <sup>2</sup>	UTBETRINGSTILTAK	Fortau eller G/S-veg <sup>2</sup> bygging av GS-tilbod på 1,1 km i 2022/2023
Herøysund - Reset	FERDIG UΤBYGD	UTBETRINGSTILTAK	Samanhengande G/S veg på lang sikt
Reset - kryss med fv5028	UTBETRINGSTILTAK	FERDIG UΤBYGD	Fortau eller G/S-veg
Kryss med fv5028 (Halsnøytunnelen) - Tofte	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Tofte - Sæbøvik	VEDLIKEHALD	VEDLIKEHALD <sup>3</sup>	<sup>3</sup> problem med kvikkleire i Toftebrekka. Må kanskje vurdere veg i ny trase. Vurderer TS-tiltak.
Sæbøvik - Halsnøy kloster	FERDIG UΤBYGD <sup>4</sup>	VEDLIKEHALD	<sup>4</sup> reguleringsplan for den manglende strekninga med GS-tilbod blir nå revidert, planlagd finansiert i Kvinnheradpakken.
Halsnøy kloster - Ranavik	VEDLIKEHALD	VEDLIKEHALD	

## 6.7 Fv. 609 Dale-Askvoll-Førde

Delstrekninger	2022 - 2033	Langsiktig behov	Kommentar
Nishammar x fv57-Eikenes	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	
Eikenes-Ringstad	UTBETRINGSTILTAK	VEDLIKEHALD	Behov for GS-veg mellom Kleppeneset (nytt regulert byggefelt) og Holmedal skule.
Ringstad-Hestvika	UTBETRINGSTILTAK	UTBETRINGSTILTAK	Utbetring av sideterregn, rekkerwerk, enkelte kurver og sikt. Etablering av møteplassar.
Hestvika-Heilevang	FORNYING	FERDIG UΤBYGD	Reguleringsplan for skredsikring med tunnel bak Hundsåna er venta vedteken sommaren 2022.
Heilevang-Kvernberget	VEDLIKEHALD	VEDLIKEHALD	
Kvernberget-Førde x E39	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	

## 6.8 Fv. 615 Storebru-Sandane

Delstrekninger	2022 - 2033	Langsiktig behov	Kommentar
Storebru-Hyen	UTBETRINGSTILTAK	UTBETRINGSTILTAK	Behov for utbetringstiltak for å få betre framkomst og skredsikring. TS-tiltak.
Hyen-Hestnesøyra	VEDLIKEHALD	VEDLIKEHALD	Tunneloppgradering og skredsikring.
Hestnesøyra-Fitje	VEDLIKEHALD	UTBETRINGSTILTAK	Utviding til to-felts veg.
Fitje-Sandane sentrum	UTBETRINGSTILTAK	VEDLIKEHALD	Tiltak for mjuke trafikantar. Bru over Storelva må vurderast bytast ut innan ca. 2030.
Sandane sentrum-XE39	FERDIG UΤBYGD	VEDLIKEHALD	

## 6.9 Kystvegen

Delstrekningar	2022 - 2033	Langsiktig behov	Kommentar
Fv. 57 Knarvik-Leirvåg	UTBETRINGSTILTAK	UTBETRINGSTILTAK	Behov for utbetring av fleire kryss på strekninga. Behov for tiltak for mjuke trafikantar.
Fv. 57 Sløvåg-Dale	UTBETRINGSTILTAK	UTBETRINGSTILTAK	Behov for forprosjekt for å vurdere utbetringstiltak.
Fv. 614 Svelgen-Indrehus	FORNYING	VEDLIKEHALD	Reguleringsplan under arbeid. Ny veglinje. Stort prosjekt.

## 7 Forslag til vidare arbeid

I handlingsprogrammet til RTP 2022-2033, er strekningsvise utgreiingar eit av fleire utviklingstiltak. Løysinga kan vidareutviklast til å omfatte fleire tema. Kartlegging av vedlikehaldsetterslep og vurdering av opning av fylkesvegnettet for modulvogntog, er prosjekt som er under arbeid. Resultat av dette arbeidet kan innarbeidast i strekningsvise utgreiingar.

Kartforteljinga for strekningsvise utgreiingar er eit forslag til korleis informasjon om fylkesvegar kan presenterast digitalt. Dette er også meint å være kjelde til kunnskap/oversikt og - tilråding av strekningar og delprosjekt som skal inngå i rullering av RTP. I løpet vidare er det naturleg å utarbeide ambisjonsnivå med kostnader for delstrekningane.

vestlandfylke.no